



FYLKESMANNEN I HORDALAND
Landbruksavdelinga

Sakshandsamar, innvalstelefon
Per Albert Lund, 55 57 21 74

Vår dato Vår referanse
05.09.2003 03/13215

Dykkar dato Dykkar referanse
12.06.2003

Landbruksdepartementet
Avdeling for skog- og ressurspolitikk
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Saksnummer	
2003 10 1708	58
Mottatt:	12.06.2003
Saksbehandler	192 40
Kopi:	

Høyring av framlegg til nye reglar om overføring av myndighet og ny føresegn om sakshandsaming i kommunen.

Vi syner til høyringsbrev dagsett 12.6.03.

Fylkesmannen har gjeve uttale til framlegga slik det går fram av landbruksdirektøren si saksutgreiing og fråsegn i sak V-11/2003 for fylkeslandbruksstyret.


Fylkeslandbruksstyret handsama saka i møte 4.9.03 og slutta seg til landbruksdirektøren sitt saksframlegg.

Utskrift av møteboka følger vedlagt.

Med helsing


Jørgen Frønsdal e.f.
fylkesskogsjef

VEDLEGG


Per Albert Lund
rådgjevar

FYLKESLANDBRUKSSTYRET 4.9.03

Sak V – 11/2003

HØYRING AV FRAMLEGG TIL REGLAR OM OVERFØRING AV MYNDE OG FRAMLEGG TIL NY FØRESEGN OM SAKSHANDSAMING I KOMMUNEN.

Sakshandsamar: Per Albert Lund

Saksvedlegg:

1. Høyringsbrev frå Landbruksdepartementet dagsett 12.6.03
2. Framlegg til reglar om overføring av mynde til kommunen, fylkeslandbruksstyret, Statens landbruksforvaltning og Bergvesenet etter konsesjonslova, jordlova, odelslova og skogbrukslova.
3. Framlegg til ny føresegn om sakshandsaming m.v. i kommunen i saker etter dei ovanfor nemnde lovene.

KVA SAKA GJELD.

Ved handsaminga av St.meld. nr. 31 (2000-2001) slutta Stortinget seg til ei kommunesatsing på miljøvern- og landbruksområdet. I St. meld. Nr. 19 (2001-2002) gjev Regjeringa si tilråding om oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa. Framlegget om overføring av mynde som no vert sendt ut på høyring inneber at vedtak om konsesjon og vedtak om frådeling/omdisponering etter jordlova vert lagt til kommunen i alle saker. Kommunen får også mynde til å ta avgjerd i ei rad saker etter skogbrukslova og odelslova. Fylkeslandbruksstyret er med nokre unnatak klageinstans over alle kommunen sine vedtak. Vedtak om odelsfrigjering etter odelslova og om ekspropriasjon etter jordlova er likevel lagt til fylkeslandbruksstyret i første instans.

Det er og gjort framlegg om overføring av avgjerdsmynde i ei rad andre saker vesentleg av prossessleiande og oppfølgjande art, som tvangsmulkt/gebyr, begjæring om tvangssal m.m. Det er vesentleg tale om overføring av mynde frå Statens landbruksforvaltning til fylkesmannen. For detaljar om dette vert synt til høyringsbrevet og til vedlegg 1.

Det er ei vesentleg saksmengde som no vert overført til kommunen. Pr. i dag vert fleirtalet av konsesjonssaker avgjort av fylkelandbruksstyret eller fylkesmannen etter fullmakt frå styret. Saksmengda i fylkeslandbruksstyret/fylkesmannen vil med denne overføringa verte vesentleg redusert. I 2002 handsama fylkeslandbruksstyret/fylkesmannen 247 konsesjonssaker og 166 saker etter jordlova i første instans. Det må nok påreknast at berre eit lite mindretal av desse sakene vil ende som klagesak for fylkeslandbruksstyret.

Sidan 1988 har kommunane hatt mynde til å gje frådelings- og omdisponeringsløyve etter jordlova for ubebygde tomter på inntil 2 da. I 1997 fekk kommunane også mynde til å ta avgjerd om bu- og driveplikt etter odelslova og konsesjonslova.

I vedlegg 2 er gjort framlegg om nye føresegner for sakshandsaminga i kommunen. Nytt her er m.a. at kravet til jord- og skogbruksfagleg kompetanse i kommunen fell bort.

Det er føresetnaden at endringane skal tre i kraft 1.januar 2004.

Fylkeslandbruksstyret er blant høyringsinstansane til framlegga. Høyringsfristen er sett til 15.september. 2003.

LANDBRUKSDIREKTØREN SI FRÅSEGN:

Det kunne vere grunnlag for å drøfte om nasjonale mål for ivaretaking av produksjonsgrunnlaget i landbruket vert godt nok ivareteke ved denne overføringa av mynde. Men overføringa er resultat av eit ønskje om å gje kommunane større ansvar i miljø- og landbrukssaker og er i samsvar med føringar som har brei tilslutnad i Stortinget.

Landbruksdirektøren har ikkje vesentlege merknader til framlegget til overføring av mynde etter dei nemnde lovene eller til framlegg til ny føresegn om sakshandsaming i kommunen..

På eit punkt er landbruksdirektøren likevel usamd i framlegget . Det gjeld spørsmålet om fleire registereiningar på same eigarhand skal reknast som ein landbrukseigedom. Landbruksdirektøren meiner at dette er eit spørsmål som enklast kunne handsamast som del av ei vanleg delingssak på same måte som det må takast stilling i saka til om ein eigedom er å rekne som ein landbrukseigedom og såleis omfatta av delingsforbodet i jordlovas § 12. Det er ei svært tungvint ordning at saka må delast i to med eige vedtak om driftseining. Der eigedomen ligg i fleire kommunar, kan det vere nødvendig at fylkeslandbruksstyret avgjer saka.

Når kommunane får full råderett i desse sakene og ikkje berre innstillingsrett, vil dette gjelde både saker av typisk lokal interesse og betyding, men også saker som rører ved nasjonale interesser. Særleg gjeld dette jordvernet. I mange saker vil også dei lokale og dei nasjonale interessene vere i konflikt med kvarandre og det vert ei stor utfordring for kommunane å balansere desse omsyna på ein god måte. Landbruksdirektøren vil i denne samanheng peike på at det er viktig at kommunane har tilgang til landbruksfagleg kompetanse og fagkunnskap for å sikre at sakene får ei forsvarleg handsaming. Landbruksdirektøren ser for seg at fylkesmannen si oppgåve med kompetanseoppbygging for kommunane på landbruksområdet må styrkjast /intensiverast.

Landbruksdirektøren vil også peike på at det er viktig at kommunane har god nok kunnskap om landbruksressursane i eigen kommunen og at det vert gjort ei kartlegging som får fram dei gode jord- og skogbruksområda som bør sikrast for framtida. Landbruksdirektøren vil her syne til arbeidet som er gjort i Hordaland i "Areal differensieringsprosjektet" og som vonleg vil kunne verte ein nyttig reiskap i dette arbeidet.

Eit anna viktig moment knytt til denne overføringa er at det vert etablert gode rapporteringsrutinar for kommunen sine avgjerder. Det er særleg viktig at rapporteringssystemet for omdisponeirng av produktive areal er eintydig og oversiktleg slik at den statistikkrapportering som staten pålegg kommunane vert påliteleg og informativ.

LANDBRUKSDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren si fråsegn og sluttar seg i hovudsak til denne.

VEDTAK: Samrøystes vedteke